

Til  
Fornyings-, administrasjons- og  
kyrkjedeutvalget

*Dykkar referanse:*  
200901650-/KKI

*Vår referanse:*  
048/10-500 GME

*Dato:*  
15. oktober 2010

### **HØYRING OM ENDRING I FORSKRIFT TIL KONKURRANSELOVA**

Noregs Mållag viser til høyringsbrev dagsett 30. august 2010 – *utkast til forskrift om unntak frå konkurranselova § 10 for samarbeid ved omsetning av bøker.*

I høyringsbrevet går det fram at framlegget til forskriftsendring slik det no ligg føre, ikkje inneheld ei vidareføring av fastpris for fagbøker og lærebøker for høgare utdanning.

Noregs Mållag er uroa for konsekvensane for nynorsken ei slik endring kan føra med seg.

#### Norsk språkpolitikk

Heilt frå *Norsk i hundre!* kom frå Språkrådet i 2005, har det vore uttalt språkpolitikk frå Språkrådet, Kulturdepartementet og regjeringa at norsk gjennom båe målformene må haldast oppe som fullt ut samfunnsberande språk. Ein av faktorane som har vore peika på, er nettopp at det vert utvikla fagspråk på norsk, forstått som både nynorsk og bokmål. Stortinget framheva at konsekvensane av den språklege marknadsmakta i Noreg må justerast gjennom særskilde tiltak for å styrkja nynorsken.

Denne språkpolitikken møter alt i dag store utfordringar i møtet med publiseringssystemet i academia, der publisering på t.d. engelsk gjev høgare uttelling enn publisering på norsk.

#### Språkpolitiske konsekvensar av framlegget

Fripris på fagbøker og lærebøker for høgare utdanning vil gje høve for gode rabattar for store volum. Det vil favorisera dei store aktørane og dei store opplaga frå utanlandske tilbydarar like gjerne som norske. Fagbøker skrivne på nynorsk har tradisjonelt i liten grad fått same marknadsdelar som bøker skrivne på bokmål eller på andre språk, og det er liten grunn til å tru at fripris i seg sjølv skal gje større rom

for nynorskbøker. Ein direkte språkpolitisk konsekvens vil difor vera at bøker på bokmål kan seljast rimelegare (i store opplag) enn bøker på nynorsk. Det er vanskeleg å sjå at ei slik dreining av tilbods- og innkjøpspolitikken kan styrkja nynorsk fagspråk, slik m.a. St.meld. 35 Mål og meining omtalar som ynskjeleg.

#### Kultur- og distriktpolitiske konsekvensar

Dersom innkjøp av store volum kan føra til rabattar, vil det favorisera dei tilbydarane i detaljistleddet som har tilgang til dei største marknadene. I praksis vil dette seia dei største aktørane blant tradisjonelle bokhandlar, og tilbydarar på nett.

Slik Noregs Mållag ser det, vil dette kunna ha i alle fall to konsekvensar. For det fyrste vil små fagbokhandlar oppleva sterkare konkurranse frå nettbokhandlar, og dermed vil bokhandlar knytte til mindre lærestader risikera å mista delar av inntektsgrunnlaget sitt. Det er uheldig om studentar ved dei mindre lærestadene slik skal risikera å mista den fysiske bokhandelen sin til fordel for å måtta kjøpa fagbøkene sine på nettet. For det andre vil det føra til at fagbøker kan bli dyrare i distrikts-Noreg enn i dei største byane. For Noregs Mållag er det i strid med god distriktpolitikk å leggja opp til eit system som kan gjera det dyrare å gjennomføra studiane sine i ein mindre by eller tettstad enn i Oslo, Bergen eller Trondheim.

#### Konklusjon

Noregs Mållag bed om at fastprisordninga vert vidareført for fagbøker og lærebøker for høgare utdanning. Mållaget ser ikkje at framlegget om å innføra fripris svarer på dei utfordringane som den språkpolitikken regjering og storting har vedteke, møter innanfor utviklinga av norsk fagspråk, her forstått som både nynorsk og bokmål. Så lenge ein ikkje har innført verkemiddel som skal vega opp for dei uheldige konsekvensane av innføringa av fripris, vil vidareføringa av fastprisordninga vera det beste verkemidlet for å oppfylla intensjonen om å vidareutvikla og styrkja norsk fagspråk.

Med venleg helsing  
NOREGS MÅLLAG

Gro Morken Endresen  
dagleg leiar